

FOLKORG
ÅRSMELDING

2015





Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz / FolkOrg

Foto framside: Anbjørg Myhra Bergwitz

Foto bakside: Runhild Heggem

Fotografer: Runhild Heggem, Thor Hauknes, Anbjørg Myhra Bergwitz, Kjell Bitustøy

Postadresse:

FolkOrg
Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo

Besøksadresse:

Vis-à-vis Herslebs gate 2c

Nett: www.folkorg.no

E-post: post@folkorg.no

Tlf.: 22 00 56 22



INNHOLD

4 Om FolkOrg

8 Vurdering av
målloppnåing

12 Særskilde satsningar
for 2015-2016

16 Organisasjonens
arbeidsfelt i meldingsåret

16 Kulturpolitisk arbeid

17 Lagsutvikling

17 Tilskotsordningar

20 Arrangørutvikling

22 Utøvarutvikling

23 Kapplikeistar og
festivalar

26 Informasjon

OM FOLKORG

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret fram til landsmøtet 2015:

Per Øyvind Tveiten (styreleiar)
 Mari Skeie Ljones (nestleiar)
 Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
 Jan Heier (styremedlem)
 Hilde Reitan (styremedlem)
 Olav Luksengård Mjelva (styremedlem)
 Tove Leinslie (styremedlem)
 Gro Marie Svidal (1. varamedlem)
 Gudrun Folkedal (2. varamedlem)
 Thor Hauknes (3. varamedlem)

Styret etter landsmøtet 2015:

Per Øyvind Tveiten (styreleiar)
 Camilla Granlien (nestleiar)
 Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
 Thor Hauknes (styremedlem)
 Hilde Reitan (styremedlem)
 Olav Luksengård Mjelva (styremedlem)
 Tove Leinslie (styremedlem)
 Gro Marie Svidal (1. varamedlem)
 Gudrun Folkedal (2. varamedlem)
 Kjellbjørn Karsrud (3. varamedlem)



Arbeidsutvalet i FolkOrg

I meldingsperioden har styret hatt seks møte, og har handsama 79 saker. Eitt av møta var under landsmøtehelga. I tillegg til dei faste medlemmene har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver, til dømes på Lanskappleiken, Landsfestivalen, årsmøte i områdelag og på høyringar og andre relevante møte. Styremedlemmer har elles vore på vitjing til heidersmedlemmer som har fylt rundt år.

Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i ni av elleve områdelag.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Per Øyvind Tveiten, Mari Skeie Ljones og Helene Myklemyr Bolstad, før landsmøtet. Etter landsmøtet vart Mari Skeie Ljones erstatta av Camilla Granlien. Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt to fysiske møte, og 16 saker har vore handsama i dei. Dagleg leiar nyttar òg AU til å drøfte ulike spørsmål mellom møta.

Fagutval for yrkesutøvarar har i meldingsåret vore:

Vegar Vårdal, Silje Onstad Hålien og Nina Fjeldet. Dei har hatt tre møte.

MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG

Medlemstal

FolkOrg hadde 4447 medlemmer pr. 31.12.2015. Av desse var det 592 born/ungdommar (t.o.m. 18 år). Det er ein liten auke frå 2014. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

Medlemslag

Pr. 31.12.2015 hadde FolkOrg:

- 144 lokale medlemslag, det er ein auke på tre medlemslag.
- 11 områdelag

Medlemskap i andre organisasjoner:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Norge

Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler.

Folkelarm er medlem i Norske Konsertarrangører.

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstyrssordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

HEIDERSMEDLEMSKAP



Kari Margrete Okstad

vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under Landskappleiken på Fagernes. Vi har per i dag 41 heidersmedlemmer i FolkOrg.

LANDSMØTET 2015

Landsmøtet 2015, det første etter overgangen frå årsmøte, vart halde på Anker Hotel i Oslo 24.–26. april. 64 røysteføre var til stades første dag og 61 andre dag, i tillegg til gjester og administrasjon.

På fredag vart det arrangert eit møte med områdelaga. Landsmøtet vart laurdag innleia med ei seminarrekke med hovudtema «Finansiering og sponsoring av tevlingsarrangement, drift og aktivitetar i spel- og dansarlag».

På kvelden var det plateslepp av promo-cd-en Folkcd.no Contemporary Folk Music from Norway, middag på SüdØst og dansefest på Riksscenen.

Seminarakket bestod av følgande

Det var først eit fellestema:

- Sponsorarbeid og frivilligheitspolitikk i kommunane

Deretter to parallelle seminar:

- Seminar 1: Erfaringar med sponsorarbeid i samband med Landskappleiken og NM på Geilo – ved Øyvind Kvile
- Seminar 2: Finansiering av lagsverksemder. Ulike inntektskjelder og stønadsordningar

ADMINISTRASJON

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar.

I administrasjonen var det til saman 7,2 årsverk, mot 7,5 årsverk fram til 1. juli 2014. Årsaka til reduksjonen er mindre driftstilskot.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølv sagt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynt når ein driv ein arbeidsplass.

Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar (tilsett frå 1. mars)
Anbjørg Myhra Bergwitz	Heilt og delvis i studiepermisjon
Liv Ulvik	Rådgjevar, utøvarutvikling (fram til 31. oktober)
Marit Vestrum	Rådgjevar, lokallag og arrangør
Rannveig Djønne	Rådgjevar, Landskappleiken, Landsfestivalen og lokal-kappleikar (I foreldrepermisjon fram til ho slutta 18. august)
Ingrid Schei Stuhaug	Rådgjevar, Landskappleiken, Landsfestivalen og lokal-kappleikar (vikar for Rannveig Djønne fram til 18. august, fast tilsett etter det)
Sigurd Reinton	Prosjektleiar Folkelarm (fram til 30. november)
Olaug Furusæter	Engasjement og vikariat

ØKONOMI OG REKNESKAP

Rekneskapen for 2015 ligg ved årsmeldinga.



VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsigtige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne metodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å nytte mykje tid til å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt.

INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA

Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sterkt.

- Det er attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det er attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det er attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

Målemetodar

Tal på søkerar til å arrangere Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Lanskappleiken	1	2	1	2	0	2
Landsfestivalen i gammaldansmusikk	1	1	1	3	1	1

Tal på lokal- og fylkeskappleikar:

- 2014: 18
- 2015: 15

Deltaking på Lanskappleiken og økonomisk resultat:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Deltakarar	1 200	1 260	1 400	1 400	1 416	1 423
Innslag	429	465	470	438	471	470
Økonomisk resultat	1 100 000 kr	670 000 kr	230 000 kr	372 000 kr	451 000 kr	309 000 kr

Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk og økonomisk resultat:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Deltakarar	529	640	710	440	432	920
Innslag	88	124	163	123	94	177
Økonomisk resultat	590 000 kr	510 000 kr	722 000 kr	Rekneskap ikkje avslutta	2 700 kr	1 129 000 kr

Tal på studietimar i og økonomisk tilskot til lokallag i FolkOrg gjennom Musikkens studieforbund.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Studietimar	7 190	7 000	6 871	6 229	5 638	5 577
Tilskot	636 399 kr	655 459 kr	638 939 kr	588 020 kr	538 011 kr	530 535 kr

Tal på søknader og tilsegnssum Frifond organisasjon fra Norsk musikkråd til utdeling:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal på søknader	39	20 *)	24 *)	27	34	41
Tilsegnssum	428 870 kr	299 204 kr	318 971 kr	474 310 kr	347 610 kr	450 015 kr

*) I 2011 og 2012 stramma Norsk musikkråd inn kravet til fordelingspraksis, og ingen lag som ikke hadde riktig aldersfordeling (1/3 under 26 år), fekk støtte. Dette er sannsynlegvis årsaka til færre søkerar.

Tal på søknader – Norsk Folkemusikkfond

2010	2011	2012	2013	2014	2015
41	43	23	18	22	23

Tal på søknader – Rekrutteringsstøtte

Haust 2013	Vår 2014	Haust 2014	2015 *)
18	26	9	20

*) Fra 2015 er det berre éin søknadsrunde for FolkOrg si rekrutteringsstønadsordning. Søknader til opplæring og rekrutteringsarbeid vart vurderte under både Rekrutteringsstønadsordninga og Norsk Folkemusikkfond.

Tal på søknader – Momskompensasjon

2011	2012	2013	2014	2015
11	28	40	45	55

Søkjarar til INTRO-folk:

Ikkje aktuelt for 2015

2012	2014 (2015 gjennomføring)
15	11

INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA

Folkemusikken og -dansen i Noreg er kjent og synleg nasjonalt og internasjonalt

- **Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans.**
- **Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans**

Målemetodar

Tal på presseoppslag frå Folkelarm og Folkelarm-prisane, Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk:

	2013	2014	2015
Folkelarm og Folkelarm-prisane norske presseoppslag	-	136	79 <i>54 i papirutgåver & 25 i nettutgåver</i>
Landskappleiken	135	160	283 <i>181 i papirutgåver & 102 i nettutgåver</i>
Landsfestivalen i gammaldansmusikk	110	80	115 <i>69 i papirutgåver & 46 i nettutgåver</i>

Kvalitative vurderingar:

- Noreg var fokusland på den største folke- og verdsmusikkfestivalen i Tyskland – TFF Rudolstadt. Festivalen hadde kring 90 000 besøkande. Ei rekke norske folkemusikkarar og dansarar er booka til festivalen, og det var til saman meir enn 20 norske konserter. Det var òg eit fagprogram med førelsingar om norsk folkemusikk.
- Pressekontoret på TFF Rudolstadt kunne opplyse at det var flest spørsmål frå media om dei norske artistane.
- Det tyske plateselskapet Nordic Notes gav ut ein samle-CD med norsk folkemusikk i forkant av TFF Rudolstadt. Plateselskapet har òg gjort avtale med fleire norske folkemusikkarar om å gje ut CD-ane deira i Tyskland, Austerrike, Sveits ofl.
- TFF Rudolstadt gjev alltid ut ein trippel-cd med musikk frå festivalen; i 2015 var dei så nøgde med dei norske artistane at den eine cd-en vart vigd til norsk musikk.
- I programmet for festivalen var det lengre artiklar om historia kring norsk folkemusikk og folkedans.
- Det tyske folkemusikkmagasinet Folker laga temanummer om norsk folkemusikk og folkedans.

INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA:

FolkOrg er ein viktig ressurs på folkemusikk- og folkedansfeltet.

- **Medlemmene sin kompetanse og erfaring blir nytta og synleggjord.**
- **Det er attraktivt å vere medlem i FolkOrg.**
- **FolkOrg er ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør**
- **FolkOrg er ein attraktiv samarbeidspartnar.**

Målemetodar

Tal på medlemmer og medlemslag i FolkOrg

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal på medlemmer totalt	4 613	4 008	4 574	4 362	4 296	4 447
Born/unge	632	437	572	553	588	592
Yrkesutøvarar	*	*	108	120	114	116
Lokallag	148	142	143	143	141	144
Områdelag	10	11	11	11	11	11

*Registreringa av yrkesutøvarar hadde ikkje byrja

Kvalitative vurderingar:

- Vi nytta fleire medlemmer til å halde foredrag på seminara på landsmøtet.
- Medlemmer vart nytta til foredrag på Folkelarm.
- På alle dei store arrangementa våre, som Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk, Folkelarm og årsmøta, får medlemmene syne kompetansen sin i folkemusikk og -dans.
- Vi har vore i dialog med fleire medlemmer for å få deira syn på ulike saker.
- Vi har vore aktive i å markere oss overfor politikarar gjennom møte, høyringar – både skriftlege og munnlege – og gjennom annan direkte kontakt. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er arrangørforum, festivalundersøking, samarbeid om politisk påverknad, samrådingsmøte for folkedans, folkemusikkcenter, Krafttak for sang, TFF Rudolstadt, Samspill og Møst. Vi har fleire invitasjonar til samarbeid som vi ikkje har kapasitet til å ta del i.
- Vi kan bli betre på å vere synlege i media.
- Vi har i 2015 fått ein liten auke i tala på medlemmer og medlemslag.

SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2015-2016

REKRUTTERING	FOLKEDANS GAMMALDANS OG BYGDEDANS	FORMIDLING OG INFORMASJON
<p>Mål:</p> <p>Betre tilhøve for opplæring!</p> <p>Ha arbeidd for gode tilskotsordningar for opplæring</p> <p>Ha gjennomført ei kurshelg for medlemmene i FolkOrg i 2016</p> <p>Synleggjering av eksisterande undervisningsmateriell</p> <p>Ferdigstilt idébanken for samarbeid mellom kulturskular og lag</p> <p>Fleire medlemmer!</p> <p>Fleire medlemsfordelar og synleggjering av desse</p> <p>Søke Sparebankstiftinga om tilskot til eit rekrutteringsprosjekt, gjerne i samarbeid med andre organisasjonar.</p>	<p>Mål:</p> <p>Betre tilhøve for folkedans!</p> <p>Det er tydelegare vekt på folkedans i promo- og informasjonsmateriellet til Folkelarm, IntroFolk og FolkOrg.</p> <p>Vi har bidrege til ei styrking av grunnopplæringa innanfor folkedans.</p> <p>Vi har bidrege til ei auka vektlegging av undervisning i folkedans i skule og kulturskule.</p> <p>FolkOrg skal arbeide for støtteordningar til levande musikk i danseopplæringa og på dansefestar, og sjå på kva stimuli som kan ordnast for danselærarar i organisasjonen.</p> <p>FolkOrg skal arbeide for fleire stipend og prisar for dansarar i organisasjonen, til dømes tilsvarande Fureprisen.</p>	<p>Mål:</p> <p>Fleire folkemusikkarar ut på vegen!</p> <p>TFF Rudolstadt – Noreg som fokusland</p> <p>Folk of Norway – promo-CD for norsk folkemusikk</p> <p>INTRO-folk</p> <p>Vi har ferdigstilt modellen for det framtidige Folkelarm med sikte på å skilje ut Folkelarm som ei eiga eining, og vere med på å vidareutvikle konseptet</p> <p>Betre informasjon og service</p> <p>Har ferdigstilt folkorg.no med basisinformasjon.</p> <p>Ny utøvarkatalog</p> <p>Revidering av arrangørhandbok</p>

OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE:

Rekruttering

Vi har arbeidd for å auke dei ulike tilskotsordningane til feltet, men då regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett vart lagt fram, vart det satsa mest på å oppretthalde tilskota på same nivå som før. Sjå kapittelet om arbeid med statsbudsjettet for meir informasjon. Tilskotet frå Frifond organisasjon auka att i 2015.

Regjeringa er oppteken av å forenkle tilskotsordningane for kulturfeltet. Arbeidet med ei slik forenkling er i gang.

Vi byrja planlegginga av ei kurshelg for medlemmer. Den skulle ha vore på Lillehammer 15.–17. april 2016.

Medlemstalet i FolkOrg har ein liten oppgang på 151.

FolkOrg har starta prosessen med eit rekrutteringsprosjekt for spel- og dansarlaga, og ønskjer å søkje Sparebankstiftelsen DNB om stønad til dette. Administrasjonen har hatt møte med Sparebankstiftelsen DNB og Den Norske Husfliden for å få erfaring med kva innhalde i ein slik søknad bør vere. Administrasjonen har også hatt workshop saman med representantar frå Sparebankstiftelsen DNB og Øyvind Sandum og Ingrid Heieren som representantar frå spel- og dansarlaga.

Folkedans (bygdedans og gammaldans)

Vi har ikkje tal på møteplassar og arrangement for folkedans. Men sjølv arrangerte vi dansefestar under Folkelarm.

Administrasjonen har delteke på to samrådingsmøte for folkedans saman med Senteret for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag, Studieforbundet kultur og tradisjon og Riksscenen for folkemusikk og folkedans, der viktige tiltak mot folkedansfeltet blir tekne opp.

I 2014 var vi med på å utarbeide eit notat om etablering av ei treårig kunstnarleg bachelorutdanning i folkedans. Det notatet har ei rekke institusjonar og organisasjonar skrive under på, og vi tok det med i møte med dei politiske partia på Stortinget. Vi møtte ei positiv haldning til initiativet. Ballen ligg framleis hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans, som skal skrive søknaden om å få oppretta ei slik utdanning.

Formidling og informasjon

Vi var partner då TFF Rudolstadt, den største folke- og verdsmusikkfestivalen i Tyskland, hadde Noreg som fokusland. Det var ein stor suksess og dei norske artistane fekk god mottaking. Det var meir enn 30 norske konserter, framsynningar og kurs. I tillegg var det eit fagleg seminar om norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar i regi av Ragnhild Knudsen og Sigbjørn Apeland. Der deltok fleire av dei norske utøvarane og fortalte om sitt instrument og sine tradisjonar. Det var òg ei foto-

utstilling: "Architektur und Landschaften in Norwegen" av fotografen Ken Schluchtmann. Norsk folkemusikk og folkedans fekk stor merksemd gjennom prosjektet.

Promo-cd-en folkcd.no vart lansert på Riksscena under landsmøtehelga. Han vart send ut til utanriksstasjonane, distribuert til kontaktar som kan vere med på å gje merksemd til norsk folkemusikk og jobbar til norske folkemusikkarar.

Mellan anna vart han distribuert stort i Tyskland i samband med TFF Rudolstadt, under Folkelarm og på Womex i Budapest. CD-en har fått god mottaking. Han vart finansiert med tilskot frå Utanriksdepartementet.

INTRO-folk har vore gjennomført med semifinalar på Førdefestivalen, Kalottspel og Nordsjøfestivalen. Det var finale på Folkelarm. Finalistar var: Erlend Apneseth, Kjersti Bakken Kristiansen og Odde & Holmen. Vinnar var Odde & Holmen. Hovuddommar var Vegar Vårdal. Arbeidet med å lage ei lanseringspakke for vinnarane byrja i 2015.

Vi er ikkje i mål med å etablere Folkelarm som eigen organisasjon, men vi har etablert ei styringsgruppe for arrangementet og omorganisert administrasjonen. Tiltaka trer i kraft frå 2016. Styringsgruppa består av Hilde Bjørkum – Førdefestivalen, Helge Skansen – Riksscenen, Terje Foshaug – Folkemusikk Nord, Kathrine Synnes Finnskog – Music Norway, Olav Luksengård Mjelva – styret i FolkOrg og Linda Dyrnes – dagleg leiar FolkOrg. Vi har vore i dialog med potensielle norske og nordiske samarbeids-partar.

Vi har revidert arrangørhandboka.





ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

KULTURPOLITISK ARBEID

Statsbudsjettet

Vi har levert to innspel til statsbudsjettet, eitt før budsjettframlegget til regjeringa vart lagt fram, og eitt til høyring om framlegget.

I det første innspelet la vi vekt på desse sakene:

- forpliktingane Noreg har etter ratifiseringa av Unescos konvensjon om immateriell kulturarv
- reversering av dei store kutta i kulturmidlane fra Utanriksdepartementet i 2014 og 2015
- flytting av driftstilskotet til mellom andre FolkOrg til post 78 under Kulturdepartementet frå post 55 i Kulturfondet, slik at vi ikkje ligg på same post som våre eigne medlemmer og konkurrerer med dei
- styrking av tilskotsordningane i Norsk kulturråd
- styrking av folkemusikkcentera
- styrking av arrangørfeltet
- styrking av musikkutstyrssordninga
- styrking av tilskot til opplæring, som Studieverbund, Frifond og KOMP
- produksjonsstøtte til media generelt og NRK spesielt for å få ein god kulturjournalistikk

I høyringa til budsjettframlegget frå regjeringa la vi vekt på:

- at vi framleis må ha ei spydspissatsing på festivalar også etter at dei flytta knutepunkt-festivalane til Norsk kulturråd; det må vere tydelege retningsliner
- styrking av heilårssarrangørane, med særleg vekt på dei små
- kulturmidlane i Utanriksdepartementet
- satsing på det frie feltet
- funksjonen til musikkutstyrssordninga
- folkemusikkcentera
- frivillighet; vi støtta ein auke i Frifond og bad om ytterlegare auke i momskompensasjon

I tillegg til notata var vi til stades og kom med innspel i budsjethøyringane i både Familie- og kulturkomiteen og Utanriks- og forsvarskomiteen på Stortinget.

Vi hadde, saman med fleire organisasjonar, møte med statssekretæren i Utanriksdepartementet, for å auke kulturmidlane her. Vidare har vi skrive ein kronikk saman som kom på trykk i Klassekampen og på Ballade. Rikskonsertane har støtta denne i ein kronikk der dei skriv om konsekvensane i kutt for deira prosjekt. Vi har òg sendt brev til KUD og familie- og kulturkomiteen om problemstillinga.

Høyringar

Vi har sendt høyringsinnspele om desse sakene:

- lov om Norsk kulturråd
- fellesnordisk offentlegheit
- fellesnordisk kultursatsing i 2017
- NOU 2015:8 Fremtidens skole – sendt saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Noregs ungdomslag, Rådet for folke-musikk og folkedans, Ole Bull Akademiet, Folkemusikk ved Noregs musikkhøgskole og Institutt for folkekultur – Høgskolen i Telemark.
- knutepunktordninga
- Sosialistisk Venstrepartis kunst- og kulturpolitiske program
- folkemusikk- og folkedansarven – Møre og Romsdal fylkeskommune si rolle
- strategi- og handlingsplan i Norsk musikkråd

Dagleg leiari vart intervjuet i samband med evalueringen av Musikkutstyrssordninga.

Andre fokusområde

- Vi har skrive kronikk i protest mot kuttet i NRKs arkiv- og researchavdeling. Kronikken var først publisert på ballade.no, deretter på folkemusikk.no, folkorg.no, og han er delt av veldig mange i sosiale medium. Vi var i tillegg med på eit ope brev til NRK om same sak, avsender var Rff, og eit samla folkemusikkmiljø stod bak.
- Vi har vore med på ein kronikk i Dagsavisen i protest mot kuttet i musikkavdelinga i NRK P2. Det gjorde vi i samarbeid med MFO, Norsk jazzforum, Norsk Komponistforening og NOPA.
- Vi har vore medarrangør på to møte i arrangør-forum, der Kulturrådet var representert på eitt av dei.
- Vi har hatt møte med representant for Spellemannprisen om folkemusikkfeltet sine ønske og tankar rundt prisen.
- Vi har hatt møte med Norsk kulturråd om driftstilskotet til FolkOrg.
- Vi har vore med i møte med Norsk kulturråd om driftstilskot til Telemark folkemusikk sentrer.



LAGSUTVIKLING

Kommunikasjon og rådgjeving av laga

I løpet av meldingsåret er det sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallaga i form av nyhendebrev, e-post og Facebook. Vi har også jamleg gjeve råd til laga i samband med mellom anna søknadsskriving, søknad om medlemskap i FolkOrg, og lovar og reglar kring drift av spel- og dansarlag. Totalt sett har administrasjonen i 2015 fått fleire førespurnader om rådgjeving enn tidlegare år.

Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart delt ut for fjerde gong i 2015 under Landsmøtet i Oslo 23.–25. april. Kriteriet for prisen var «Formidling og synleggjering av norsk folkemusikk og folkedans både på lokalt, regionalt, nasjonalt og til tider internasjonalt nivå». Dei nominerte laga var Gjøvik spelmannslag, Naustedalen spelemannslag og Verdal Juniorspellmannslag.

Vinnaren av prisen på 10 000 kr var
Gjøvik spelmannslag.

Besøke lokallag og områdelag

FolkOrg har i meldingsåret vore på nesten alle årsmøte i områdelaga og fleire arrangement, og vi har nytta høvet til å prate med representantar frå lokallag og områdelag i dei ulike distrikta. Dette har gjeve god innsikt og kunnskap om kvardagen til lokal- og områdelag, og innsamla informasjon er grunnlaget for arbeidet med neste års arbeidsplan.

Kompetanseheving

Under landsmøtet arrangerte FolkOrg seminar for lokallaga og medlemmene med desse temaat:

- «Finansiering og sponsoring av tevlingsarrangement, drift og aktivitetar i spel- og dansarlag»,
- «Sponsorarbeid og frivilligheitspolitikk i kommunane»,
- «Erfaringar med sponsorarbeid i samband med Lanskappleiken og NM på Geilo»,
- «Finansiering av lagsverksemnd – ulike inntektskjelder og stønadsordningar».

TIISKOTSORDNINGAR

Momskompensasjon

Spel- og dansarlag og områdelag kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2015 fekk FolkOrg inn 55 søknader (utanom sentralleddet). FolkOrg sende ein samla søknad med driftsutgifter på kr 20 481 002 (inkludert sentralleddet). Utført avkorting av det godkjende søknadsbeløpet var i år 21,72 % for alle ledd som inngår i søknaden. Dette betyr mindre utbetaling til det frivillige feltet samanlikna med 2014, der avkortinga var på 17 %. Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralleddet) momskompensasjon på kr 442 448, Valdres folkemusikk-arrangement AS kr 156 588, områdelaga (8 lag) kr 94 906 og lokallaga (36 lag) kr 428 321. Til saman var kompensasjonen på kr 1 122 263.

Frifond organisasjon

FolkOrg fekk i 2015 tilsegn om kr 450 015 til utdeling gjennom Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd. Det kom inn 43 søknader frå lokallaga med ein søknadssum på til saman kr 880 550. 38 av søknadene fekk tilskot.

For å få ein fordelingspolitikk der lag med mange medlemmer under 26 år får ei større utteljing av tilskotet enn tidlegare, vedtok styret å endre FolkOrgs retningsliner for forvaltning av Frifond organisasjon punkt 3.

I retningslinene for Frifond organisasjon er det no krav om rapport frå tilskotsmottakarane. FolkOrg har

i 2015 arbeidd for å få på plass eit rapporterings-system som fyller rapporteringskrava.

→ Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga.

Rekrutteringsstøtte

Rekrutteringsstøtta er retta mot særskilde tiltak som kan fremme rekruttering i lokallaga i FolkOrg. Søkjarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga.

Søknadsprosessen kring rekrutteringsstøtta vart endra i 2014, og i 2015 hadde ordninga berre ein søknadsfrist, 20. mai. Det var same søknadsfrist som søknadsfristen til Norsk Folkemusikkfond, og søknadene som gjekk på rekruttering og opplæring av born og unge, vart vurderte under begge ordningane. Rekrutteringsstøtta hadde i 2015 totalt kr 50 000 til fordeling, og FolkOrg fekk inn 20 søknader. 7 av søknadene fekk stønad.

→ Liste over mottakarar av tilskot frå Rekrutteringsstøtta ligg ved denne årsmeldinga.

Norsk folkemusikkfond

FolkOrg administrerer Norsk folkemusikkfond, som er organisert med eit eige styre. I 2015 var Nils-Øyvind Bergset (leiar), Hilde Reitan, Leiv Solberg, Kirsti Bakken Kristiansen og Sigbjørn Rua med i styret.

Fondet deler ut midlar som er finansierte ved hjelp av kr 15 per medlem i FolkOrg og kr 10 000 frå NRK. I 2015 hadde fondet kr 65 000 til fordeling og fekk inn 25 søknader. For 2015 har styret prioritert søknader om stønad til prosjekt med vekt på:

1. å støtte dokumentasjon i form av utgjeving av bøker og notemateriale av særskilt verdfullt folkemusikkstoff
2. opplæring av born og unge i tradisjonsmusikk og dans, og utvikling/utgjeving av pedagogisk materiale innanfor folkemusikk og folkedans i område med svak utvikling
3. å auke kontakten med og kunnskapen om tilsvarende kulturtradisjonar på folkemusikk-området i andre land

Åtte søkjarar fekk tilskot frå fondet.

I desember fekk FolkOrg melding frå NRK om at det ikkje lenger er ei oppgåve for NRK å bidra til fondet.

→ Sjå liste over tildelingar i vedlegget til årsmeldinga.

Marknadsføring av og informasjon om kurs

FolkOrg har informert om dei aktuelle søknadsordningane gjennom nettstaden folkorg.no, nyhendebrev til lokallaga og påminning via e-post.

ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgjeving

Gjennom nettstaden folkorg.no, nyhendebrev til arrangørane og Facebook-sida har FolkOrg i meldingsåret kommunisert aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane.

Nettverket for folkemusikkarrangørar

Retningslinene til nettverket for folkemusikk-arrangørar vart endra i løpet av 2015. Før var det eit krav til medlemskap at majoriteten av arrangementa skal vere knytte til folkemusikk eller folkedans, medan det no står at ein vesentleg del av arrangørens/institusjonens profil og arrangement skal vere knytte til folkemusikk og/eller folkedans.

Ei ny referansegruppe vart vald på nettverksmøtet under Folkelarm. Den nye gruppa er Per Åsmund Omholdt frå Folkemusikkscena i Rauland (leiar), Ingebjørg Nomeland frå FolkJazz-scena i Førde og Førdefestivalen og Hans Petter Kvikne frå Folkemusikkscena Røros og Røros Folk Festival.

Årets folkemusikkarrangør

FolkOrg delte i 2015 ut prisen «Årets folkemusikk-arrangør» for fjerde gong. Hovudkriteriet i år har vore «Samfunnsansvar og medvit om korleis ein gjennom folkemusikk og folkedans kan påverke menneske, samfunn og miljø». I 2015 var dei nominerte arrangørane Folkemusikkscena på Rauland, Folkemusikkscena Røros og Naustedalen spelemannslag. Naustedalen spelemannslag gjekk av med sigeren og fekk utdelt prisen på kr 10 000 under Folkelarm 25. september.

Kompetanseheving og møteplassar

Under Folkelarm arrangerte vi eit møte for medlemmene i arrangørnettverket i FolkOrg. Om lag 15 av arrangørane var representerte. Tema var mellom anna bruk av TONO-avtala, signal frå Norsk

kulturråd i samband med endringar i fordelingspolitikken og Festivalundersøking 2015 og FolkOrg som politisk aktør for folkemusikkarrangørane.

Under Folkelarm, 24. og 26. september, arrangerte vi seminar og kurs for folkemusikkarrangørar.

→ Oversikt over programmet står i vedlegget bak i årsmeldinga

For andre gong arrangerte vi «FolkOrgs minglefest» for arrangørar og utøvarar i FolkOrg under Folkelarm. Festen vart ei uformell og triveleg stund med litt servering, der arrangørar og utøvarar fekk treft kvarandre. Dei internasjonale delegatane var òg inviterte.

Deltaking på festivalar, arrangørar og regionale bransjetreff

FolkOrg var i 2015 representert på By:larm 4.–7. mars, der vi deltok på seminar som også er aktuelle for folkemusikkfeltet. FolkOrg har som mål å få med seg nokre norske folkemusikk- og folkedansfestivalar og -arrangement kvart år, men vi har dverre ikkje hatt kapasitet til å prioritere dette i den grad ein i utgangspunktet ønskjer. Det same gjeld deltaking på regionalt bransjetreff. Representantar frå styre og administrasjon har vore til stades på fleire festivalar, arrangement og konferansar, til dømes Førdekonferansen.

Festivalundersøking

I 2015 har Norske konsertarrangørar, Norsk Jazz-forum og Norske festivaler sluttført ei felles undersøking av festivalfeltet 2014. Det er første gong vi får tal frå eit meir samla Festival-Noreg, der folkemusikk- og folkedansfestivalane er med som ein eigen sjanger. Tala er analyserte av Kunnskapsverket – det Nasjonale kunnskapssenteret for kulturelle næringar ved Høgskolen i Lillehammer.

Arrangørforum

Hausten 2014 etablerte FolkOrg, Norsk Jazzforum, Norske konsertarrangørar, Norske festivaler, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk og Kulturhusnettverket eit forum der viktige arrangørsaker blir drøfta. I 2015 hadde arrangørforum møte på Riksscenen 17. februar og Jazzforum 17. september. FolkOrg deltok på begge møta og var arrangør for møtet 17. februar.

Kontaktlister

I 2015 har ein kontinuerleg oppdatert kontaktlister, samtidig som at arbeidet med innmeldinga i nettverket for folkemusikkarrangørar er nesten ferdig.



UTØVARUTVIKLING

Informasjon

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Registeret for medlemmer i FolkOrg som reknar seg som yrkesutøvarar, tel 116 personar pr. 31.12.2015. Det er frivillig å melde seg inn i registeret, og med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving.

INTROfolk

Vi gjennomførte INTROfolk i 2015 med semifinalar under og i samarbeid med Førdefestivalen, Kalottspel og Telemarksfestivalen. Det var finale under Folkelarm. Duoen Odde & Holmen gjekk av med sigeren. Det var første gong FolkOrg arrangerte INTROfolk utan Rikskonsertane som medarrangør.

folkCD.no

FolkOrg gav ut ein dobbel promo-cd med norske folkemusikkutøvarar retta mot den utanlandske marknaden, i samarbeid med Utanriksdepartementet og Music Norway. Cd-en vart lansert under landsmøtet i FolkOrg i april. Cd-en er distribuert vidt i store delar av verda.

TFF Rudolstadt

Noreg var, som tidlegare nemnt under måloppnåing, fokusland under TFF Rudolstadt i Tyskland. FolkOrg var norsk partnar og hadde Music Norway med som støttespelar. FolkOrg bidrog mellom anna med oversikt over norske folkemusikarar og folkedansarar, forskrarar innanfor norsk folkemusikk og hjelp til å söke tilskot. Vi var representerte under festivalen der vi følgde opp dei norske artistane, var til stades under mottakingar og deltok på ein pressekonferanse. Bladet Folkemusikk var òg representert. På våren var vi representerte på ei mottaking og ein pressekonferanse i Berlin. Der vart det norske programmet presentert. Det var eit samarbeid mellom TFF Rudolstadt, den norske ambassaden, Music Norway og FolkOrg.

Seminar på Folkelarm 2015

Folkelarm 2015 inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Fleire av desse var saman med folkemusikkarrangørane. For nærmare informasjon om seminara, sjá vedleggslista.

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet Yrkesutøvarar i FolkOrg for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Fagutvalet for yrkesutøvarar

Det vart halde tre møte i fagutvalet, der utøvarrepresentantane kom med innspel til FolkOrg om prioriteringar i arbeidet overfor utøvarane.

KAPPLIKAR OG FESTIVALAR

Landskappleiken

Landskappleiken vart i 2015 arrangert saman med Jørn Hilme-stemnet på Fagernes, med Valdres Folkemusikkarrangement AS som lokal arrangør. Arrangementet gjekk av stabelen 22.–26. juli.

Deltakinga

Det var til saman 470 startnummer og 1423 einskild-deltakarar på Fagernes. Dette er ein liten auke samanlikna med åra før. Påmeldinga til Landskappleiken har halde seg stabil dei siste åra. Halling kl. C var ein av klassane som utmerkte seg med ekstra god deltaking dette året.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2015 sett opp i halling kl. A. Vinnaren vart valdrisen Hallgrím Hansegård frå Øystre Slidre spel- og dansarlag.

→ Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.

Fureprisen

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremjing av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk har i seks år delt ut priser til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg og Landskappleiken fekk i oppdrag å forvalte og dele ut desse prisane. FolkOrg sende inn ein ny søknad til Furestifta våren 2015, og fekk forlengt prisordninga til og med Landskappleiken 2016.

Hovudprisen frå Furestiftelsen var 50 000 kroner, og desse pengane skulle gå til den beste utøvaren i spel/vokal-klassane under 25 år. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale som var lagd til finalekvelden i Valdreshallen på laurdagen.

Samstundes kunne vinnarane av C-klassane i spel og vokal vinne kr 10 000. FolkOrg sette opp same pris for vinnarar i C-klassane i dans, slik som tidlegare år.

Kriteria for hovudprisen var:

Denne prisen skal gjevast til ein eksepsjonelt

dyktig og talentfull deltarar (musikar) under 25 år. Det er krav om eit visst kvalitetsnivå for at prisane skal delast ut, og det kan vere slik at domsnemnda ikkje finn å kunne dele ut prisen kvart år. Prisvinnaren skal vere vanleg deltarar på Landskappleiken.

Hardingfelespelemannen Tor Hoslemo frå Setesdal vann Fureprisen for 2015.

→ Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.

Kort evaluering av Landskappleiken

Det var 23 år sidan sist det vart arrangert landskappleik på Fagernes, og kring 500 duggnadsfolk var med på å ta imot deltarar og publikummarar frå heile landet. Landskappleiken er eit komplekst arrangement, og arrangøren gav seg sjølv ei ekstra stor oppgåve ved å arrangere kappleiken saman med Jørn Hilme-stemnet. Arrangementet var om lag ein månad seinare enn når Landskappleiken vanlegvis vert avvikla, men dette gav ikkje noko negativt utslag på deltarantalet. Det vart eit flott arrangement med god deltaking og mange konsertar. Arrangøren valde også å ha tevlingar både ute og inne. Dei fleste tevlingane var i Valdreshallen, men også Kulturhuset og Valdres Folkemuseum vart nytta. Valdres Folkemuseum var arena for ute-tevlingar, konsertar og kveldsdansen, og gav kappleiken ei fin ramme.

Det økonomiske overskotet for Landskappleiken var godt også i år, med eit overskot på i overkant av 400 000 kr.

Det var mange presseoppslag knytte til Landskappleiken. Retriever-søk viser at det frå 1. juli til 30. september var 181 treff på Landskappleiken i papirutgåver, og 102 treff i nettutgåver.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Lom 5.–9. august med Lom Spel- og Dansarlag som lokal arrangør. Det var første gongen at Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Lom.

Deltaking

Det var 177 startnummer og 920 einskild-deltakarar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk i 2015. Dette var ein markant auke i deltakartalet samanlikna med dei førre åra, og særskilt gledeleg for festivalen og gammaldansmiljøet. Det var til dømes ein stor auke i talet på solistar og grupper. Ei større deltaking i lagdans var også med på å auke det samla talet på einskild-deltakarar på festivalen.

→ Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.

Kort evaluering av Landsfestivalen

I tillegg til god deltaking var det svært mykje folk på Landsfestivalen i Lom. Arrangementet vart avvikla i Lom si nye storstove, Utgard, som viste seg som eit godt eigna kulturhus for slike arrangement. Under festivalen var det fleire høgdepunkt i tillegg til tevlingane, slik som opninga med både tale og felespel av stortingspresident Olemic Thommesen, med påfølgjande matkveld med Arne Brimi, konserten «Frå fyst til nå nyst», som var ein eigen konsert med sokjelys på folkemusikk frå Lom, og

gammaldansmessa i Lom kyrkje søndag føremiddag. Det var ein innhaldsrik festival, og arrangøren hausta mykje åtgaum både under og etter arrangementet.

Retriever-søk viser at det frå 1. juli til 30. september var 69 treff i papirutgåver og 46 treff i nettutgåver på Landsfestivalen. Lokal arrangør hadde fått til ein avtale med NRK Hedmark og Oppland om direktesending av finalane dei ulike kveldane, og direktesending frå meisterkonserten søndag på nett-tv. Desse sendingane er framleis tilgjengelege på nett. Nett-TV var eit svært positivt tiltak, og det har kome tilbakemelding om at det var mange rundt om i landet som såg nett-sendingane. Dei var såleis god reklame for festivalen.

Gammaldansmessa under festivalen vart også send på NRK radio søndag 13. september.

Lom Spel- og Dansarlag hadde eit historisk høgt overskot på om lag 1 200 000 kr, etter at dei hadde fordelt delar av overskotet til lag og foreiningar som bidrog på arrangementet.

Dommarseminar på Ål

16.–18. oktober arrangerte FolkOrg dommarseminar på Ål i Hallingdal i samarbeid med Buskerud Folkemusikklag. Det vart arrangert seminar i dans med Siri Mæland og Inga Myhr som seminarleiarar, og seminar i spel med Synnøve S. Bjørset, Anne Hytta og Tom Willy Rustad som seminarleiarar. Til saman 48 deltarar meldte seg på frå ulike delar av landet, med 23 deltarar i dans og 25 deltarar i spel. På seminara vart diverse sentrale omgrep diskutert, og alle deltarane fekk prøve seg som dommarar på prøvekappleik og anna.

Folkelarm

Riksscenen, Oslo | 24.–26. september

Arrangementet

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for fokemusikk og folkedans. Arrangementet er bygd kring showcasekonsertar på kveldane og seminar på dagtid, og samlar eit breitt lag av norsk og nordisk bransje, spesielt inviterte internasjonale musikkbransjeaktørar, og er dessutan ope for publikum. Folkelarm omfattar no:

- 24 ordinære showcase-konsertar
- ei danseframsyning
- 16 seminar, tre på engelsk
- Meet the Norwegians – speedmeetings
- Finale i INTROfolk
- Bladslepp
- Nettverksmøte
- Plateslepp
- NRK presenterer Folk:lab
- utdeling av Folkelarmprisen 2015
- dansespel fredag og laurdag kveld
- 169 delegatar pluss 89 musikarar som var delegatar når dei ikkje spelte
- Av desse var 25 internasjonale delegatar
- 134 selde festivalpass

→ Liste over Folkelarm-artistar, delegatar og seminarprogram ligg ved denne årsmeldinga.

Folkelarmprisen

For ellevte gong vart Folkelarm-prisen (Norwegian Folk Music Award) delt ut. Prisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse i tillegg til prisen for årets folkemusikar.

→ Liste over vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.

Om Folkelarm 2015

Heile Folkelarm 2015 vart gjennomført på Riksscenen og i tilstøytande lokale. Gjennomføringa av showcaseprogram, seminar, prisutdeling, delegatprogram

og arrangementet generelt var vellukka. Tilbakemeldingane på programmet har vore positive frå både publikum og delegatar.

Det internasjonale programmet vart i år til i eit tett samarbeid med Music Norway og med god støtte frå Utanriksdepartementet. Vi hadde eit særskilt søkjelys på Norden, sidan dette er ein marknad nær oss både geografisk og kulturelt, og fordi dei nordiske eksportkontora for musikk legg særleg vekt på nordisk samarbeid.

Vi gjennomførte eit pilotprosjekt i Finland, som hadde som mål å gjere Folkelarm kjent i Finland, for å få fleire søknader frå finske artistar og fleire finske delegatar. I tillegg ville vi sjå på moglegheitene for å søkje om støtte til finske Folkelarm-artistar.

Vi byrja eit samarbeid med Sirpa Lahti og Ritta Huttunen, og det nyleg starta firmaet deira Maetka. Dei var offisielle Folkelarm-representantar i Finland.

Resultatet vart ein auke frå tre finske søknader i 2014 til 27 i 2015. Talet på finske showcaseartistar auke frå éin til tre utan særleg auke i kostnader.

Vi heldt fram med samarbeidet med Samspill International Music Network, som jobbar med tradisjonsmusikarar frå land utanfor Europa. Folkelarm nådde på den måten også ut til tradisjonsmusikarar med opphav i ikkje-vestlege kulturar.

Trass i eit tilfredsstilande besøk på konsertar og seminar var billettinntektene under forventningane.

Folkelarm hadde 54 oppslag i papiraviser og 25 på nett. I tillegg laga NRK tre program under arrangementet. Dei vart sende på Folkemusikktimen på P2 ut over hausten.

INFORMASJON

Generelt om informasjonsarbeidet

Dei tilsette som arbeider med informasjon, arbeider med utviklinga av organisasjonsarbeidet og nettsidene våre, og er samstundes sentrale i informasjonsarbeidet i organisasjonens eigne arrangement, prosjekt og saker.

Sentralt i meldingsåret var informasjons- og pressearbeid knytt til Lanskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. I alle prosjekta har dei tilsette stått for oppdatering og utvikling av heimesider, fotografering, oppdatering av appar, grafisk formgjeving, utvikling og utsending av nyhendebrev, og anna presse- og informasjonsarbeid. Dei har også vore delaktige i utforming av høyringar og innspel i interessepolitiske saker. Vi har i tillegg leigd inn nokon ekstrahjelp i samband med arrangementa våre når det gjeld fotografering og informasjonsarbeid.

Folkorg.no

Folkorg.no har hatt sitt første driftsår, og er FolkOrgs heimeside. Her presenterer vi ulik informasjon som er relevant for medlemmer og potensielle medlemmer. Der folkemusikk.no tidlegare var ein samleportal som både var FolkOrgs heimeside og ei slags nyhendeside, har vi no etablert to sider: folkorg.no for organisasjonen og folkemusikk.no for bladet Folkemusikk. Det har nok vore litt uvant for lesarane, men vi har tru på denne løysinga når ho er blitt godt etablert.

Vi har FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har to sider på Facebook (1576 medlemmer), Twitter (300 følgjarar) og på Instagram (474 følgjarar).

Folkemusikk (bladet)

Det er FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans – som eig og gjev ut bladet. Bladet er frittståande og arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten.

Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste nasjonale fagbladet i Noreg for folkemusikk og folkedans og er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø.

Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet, og har ein sterk posisjon i dei kultur-politiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning.

Det redaksjonelle språket er nynorsk, medan tekstar i bladet er på begge målformer. Tekstane blir språkvaska av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

Redaktør

Audun Stokke Hole har vore redaktør sidan 1. oktober 2014. Han har kontor i Schou-kvartalet i Oslo, der FolkOrg og Riksscenen òg held til.

Abonnentar

Folkemusikk er eit abonnementssblad. Per 31. desember 2015 hadde bladet Folkemusikk 1551 abonnentar, ein oppgang på 17 frå førre årsskifte. Av abonnentane var 334 gratisabonnentar og 786 medlemmer av FolkOrg.

Økonomi

Folkemusikk blir gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren. I tillegg fekk magasinet i 2015 stønadsmidlar frå Norsk kulturråd og Fritt Ord. I tillegg kjem inntekter frå sal av abonnement og annonser.

Annonsar

Informasjonsrådgjevar i FolkOrg sel annonsar for Folkemusikk. Bladet Folkemusikk har sidan 2009 hatt denne økonomiske utviklinga på sal av annonsar:

- 2009: kr 133 000
- 2010: kr 220 000
- 2011: kr 238 000
- 2012: kr 253 000
- 2013: kr 256 000
- 2014: kr 224 253
- 2015: kr 252 320

Folkemusikk i media

Redaktøren har to gonger vore i NRK radio og snakka om norsk folkemusikk. Folkemusikk vart i juni med i Portalen, Morgenbladet si nye nettsatsing for kulturtidsskrift.

Folkemusikk.no

2015 er det første heile året til folkemusikk.no som nettsida til papirmagasinet Folkemusikk.

Lesartal og trafikk

I 2015 hadde folkemusikk.no 111 420 sidevisningar i 65 414 økter. Det var 31 016 unike brukarar.

Lesarane finn i hovudsak fram til folkemusikk.no på desse måtane:

- **Sosiale medium:** Folkemusikk bruker Facebook-sida si aktivt, og 35 % av alle besøk til folkemusikk.no kjem via Facebook
- **Direkte:** 28 % går direkte inn på folkemusikk.no
- **Søk:** 20 % kjem til folkemusikk.no via søkjemotorar. Viss ein søker på ein artist, ei utgjeving, eit stemne e.l. innanfor folkemusikk eller folkedans, kjem folkemusikk.no svært ofte høgt på trefflista
- **Lenkjer:** 17 % kjem til folkemusikk.no via lenkjer på andre nettstader, i hovudsak folkorg.no

Facebook

Facebook-sida til Folkemusikk og folkemusikk.no var 31.12.2015 likt av 5 072 personar. Dette er ein auke på 331 personar frå førre årsskifte.

LANDSKAPPEIKEN 2015

Vinnarar

Spel hardingfele

- A: Ottar Kåsa, Falkeriset folkemusikkklag
B: Herbjørn Liahagen, Hemsedal Spelemannslag
C: Cecilie Skrindo, Ål spel- og dansarlag
D: Erling Berstad, Haugesund Spelemannslag

Spel fele

- A: Andreas Bjørkås, Oppdal spell- og dansarlag
B: Ingeborg Ulberg Sommer, Glåmos Spellmannslag
C: Marius Westling, Hedmark Juniorspellmannslag

Dans hardingfele

- A: Håkon Dregelid og Ami Dregelid, Voss
Spelemannslag
B: Eivind Bakka og Sara Fjågesund Aase, Fjellrosa spel- og dansarlag og Seljord folkemusikkklag
C: Vebjørn Jøtun Fauske og Kristin Vestenfor, Gol spel- og dansarlag
D: Eva Lundberg og Arvid Sperrud, Kongsberg Spel- og dansarlag

Dans fele

- A: Anbjørg Myhra Bergwitz og Audun Grüner-Hegge, FolkOrg
B: Rune Hanem og Silje Osnes, Kattsmygarlaget og FolkOrg
C: Emma Nygård Sætren m/fylgje, Spelemannslaget Fjelljom
D: Anne Elise Bøhle og Thor Herman Bøhle, Bygdedanslaget i Hamar

Vokal

- A: Unni Løvlid, Hornindal Spelemannslag
B: Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Seljord Folkemusikkklag
C: Helle Luraas Lilleland og Guro Gunleiksrud, Tinn Spelemannslag
D: Halvor Nordjordet, FolkOrg

Open klasse

Odde/Sandum/Odde

Halling

- A: Hallgrim Hansegård, Øystre Slidre Spel- og Dansarlag
B: Finn Arne Ottesen, Haugesund Spelemannslag
C: Even Ellegaard Westeng, Gransherad Spel- og dansarlag
D: Thor Herman Bøhle, Bygdedanslaget i Hamar

Lagdans

- Junior: Hallingdal – springar
Senior: #Hedmarken

Fløyte

- Senior: Per Midtstigen, Numedal Spel- og dansarlag

Munnharpe

- Junior: Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Setesdal Spelemannslag
Senior: Kenneth Lien, Gjøvik Spelmannslag

Langeleik

- Junior: Ingebjørg Hegge Bratrud
Senior: Knut Aastad Bråten

Durspel

- Junior: Tor Nythun-Bøe, Vårflaumen spel- og dansarlag
Senior: Kristoffer Kleiveland, Osterøy Spelemannslag

Andre eldre folkemusikkinstrument

- Senior: Ole Kristian Nyhagen, Begnaljom Spel- og dansarlag

Gruppespel

- Junior: Dølasneillun
Senior: Magnhild og Ingrid

Lagspel

- Junior: Hedmark Juniorspellmannslag
Senior: Lom Spelmannslag

Dommarar på Landskappleiken

Spel hardingfele:

Håkon Asheim, Siri Dyvik og Øystein Romtveit

Spel fele:

Mari Eggen, Aslak Brimi og Svein Hjellbakk

Vokal:

Bjørn Sigurd Glorvigen, Solbjørg Tveiten og Kirsten Bråten Berg

Eldre folkemusikkinstrument:

Stein Villa, Gunnlaug Lien Myhr og Tellef Kvifte

Durspel:

Håvard Kjøntvedt, Rikke van Ommeren og Tom Karlsrud

Dans fele:

Arne M. Sølvberg, Mette Vårdal og Mads Bøhle

Dans hardingfele:

Siri Mæland, Kristian Hanto og Jon Ellingsen

Lagdans:

Arne M. Sølvberg, Mette Vårdal og Siri Mæland

Halling:

Kristian Hanto, Jon Ellingsen og Mads Bøhle

Gruppespel:

Aslak Brimi, Mari Eggen og Håkon Asheim

Lagspel:

Mari Eggen, Svein Hjellbakk og Andreas Bjørkås

Open klasse:

Solbjørg Tveiten, Tom Karlsrud og Tellef Kvifte

Hovuddommar for Fureprisen:

Unni Løvlid

Furestiftelsen

Fureprisen

Tor Hoslemo, Setesdal Spelemannslag

Furestipend:

Hardingfele kl. C: Cecilie Skrindo, Ål spel- og dansarlag

Vokal kl. C: Helle Luraas Lilleland og Guro Gunleiksrud, Tinn Spelemannslag
Durspel jr.: Tor Nythun-Bøe, Vårflaumen spel- og dansarlag

Spel fele kl. C: Marius Westling, Hedmark
Juniorspellmannslag

Eldre folkemusikkinstrument jr.: Eivind Tanche-Larsen Knutsen (munnharpe, Setesdal spelemannslag) og Ingebjørg Hegge Bratrud (langeleik, Vårflaumen spel- og dansarlag)

Folkorg-stipend

Dans hardingfele: Vebjørn Jøtun Fauske og Kristin Vestenfor, Gol spel- og dansarlag

Halling kl. C: Even Ellegaard Westeng, Gransherad Spel- og dansarlag, Såmund Midtbøen, Tinn Spelemannslag

Dans fele kl. C: Emma Nygård Sætren m/fylgje, Spelemannslaget Fjelljom, Aashild Aasgaard og Gjermund Valde Sletten, Vågå Spel- og Dansarlag

**LANDSFESTIVALEN I
GAMMALDANSMUSIKK 2015**

Vinnerar

Solo andre instrument

Junior: Even Offerdal Bakken, Lom Spelmannslag

Senior: Ronny Kjøsen, Søndre Trondhjems
spelemannslag

Solo durspel

Junior: Tor Nythun, Vårflaumen spel- og dansarlag

Senior: Sindre Fotland, Osterøy Spel- og dansarlag

Gruppespel

Grindstuen og Midtlis

Solo fele/hardingfele

Junior: Marius Westling, Østerdølenes Spellmannslag

Senior: Aslak Opsahl Brimi, Lom spel- og dansarlag

Samspel junior

Hedmark Juniorspellmannslag

Pardans senior

Anne Grete Nyseter Bjørgan og Rolf Bjørgan, Sel og
Otta Spel- og dansarlag

Lagdans

Senior: Lystringen

Junior: Skjåk Spel- og dansarlag

Lagspel

Sør-Fron Spelemannslag

Open klasse

Marie Skavnes og Øyvind Sernes

**Dommarar på Landsfestivalen i
gammaldansmusikk**

Durspel solo:

Baste Antun, Olav Haugen og Aaste Kveseth

Lagspel:

John Oddvar Kandal, Hans Sandum, Kristin Gravaune
og Steinar Hysjulien

Fele/hardingfele solo:

John Oddvar Kandal, Hans Sandum og Tron-Steffen
Westberg

Gruppespel:

Marianne Tomasdård, Olav Haugen, Tron-Steffen
Westberg og Steinar Hysjulien

Open klasse:

Aaste Kveseth, Kristin Gravaune og Baste Antun

Andre instrument solo:

Kristin Gravaune, Marianne Tomasdård og Thomas
Nilssen

Samspel jr.:

Marianne Tomasdård, Olav Haugen og Tron-Steffen
Westberg

Pardans og lagdans:

Mari Andrea Ness, Thomas Nilssen og Heidi Tovmo

FOLKELARM 2015

Folkelarmprisen 2015

Årets folkemusikar:

Silje Onstad Hålien (Årets folkemusikar vert kåra på fritt grunnlag – uavhengig av utgjevingar)

Solist:

Greinir – Per Anders Buen Garnås (Ta:lik)

Open klasse:

Kjølvatn – Nils Økland Band (ECM)

Tradisjonelt samspel:

Slåttespel på toradar – Rustad, Nilsen og Ranøien
(Lærdal musikkproduksjon)

Dokumentasjon:

111 nordlandsslåtter. Hilsen Susanne Lundeng –
Susanne Lundeng (Havella)

Juryen 2015:

Ragnhild Knudsen, Eli Storbekken og Thor Hauknes

Folkelarmartistar 2015

101 hattar å sparke før eg døyr (danseframsyning),
Noreg - Aallotar, FI - Ahlberg, Ek & Roswall, SE -
ÁRA, SE - Basco, DK - ComboNations, NO -
Diom de Kossa & Touba Orchestra, NO -
DoPPler (danseframsyning), NO - Eli Storbekken, NO -
Duo Jansen / Jüssi, NO - Gro Marie Svidal, NO -
Furebotten & Buljo SIIDA, NO - Hazelius Hedin, SE -
Jouko Kyhälä & Filip Jers, FI - Kvedarkvintetten, NO -
Lendmenn, NO - Mari Midtli, NO - Monoswezi, NO -
Mattis Kleppen, NO - Piia Kleemola, FI - Skau, NO -
Skenet, SE - SVER, NO - Ulf-Arne Johannessen, NO -
VASSVIK, NO - Camilla Granlien med band, NO

Seminarprogrammet på Folkelarm 2015

Torsdag 24. september

- 10.00 Din egen hjemmeside på tre timer – Riksscenen Intimscenen
- 10.00 Frilansfrokost Torsdag – Popsenteret Kafeen
- 10.00 Møt din mentor – Riksscenen Hovedsalen
- 10.30 Booking for nyetablerte utøvere og arrangører – Riksscenen Klubbscenen
- 13.00 Sametinget inviterer til seminar om samisk musikk – Riksscenen Klubbscenen
- 13.30 Markedsføring for nyetablerte utøvere og arrangører – Riksscenen Intimscenen
- 15.00 Nordisk Ministerråd til Folkelarm – Riksscenen Klubbscenen

Fredag 25. september

- 10.00 Frilansfrokost Fredag – Popsenteret Kafeen
- 10.30 Nettverksmøte for folkemusikkarrangører – Riksscenen Intimscenen
- 10.30 Utøverforum: Bygg deg opp, kom deg ut! – Riksscenen Klubbscenen
- 11.00 Møte i mangfoldsnettverket – Popsenteret 4. et.
- 12.30 Folkemusikkarrangøren – med blikk på tradisjon, muligheter og utvikling – Riksscenen Intimscenen
- 12.30 Hvordan starte dansekompani/musikkgruppe – Riksscenen Klubbscenen
- 13.00 Meet the Norwegians – Speedmeeting – Popsenteret Kafeen

Lørdag 26. september

- 10.00 Frilansfrokost Laurdag – Popsenteret Kafeen
- 11.00 Building an audience – 4 stories from 4 countries – Popsenteret 4. et.
- 13.00 Innovasjon Norge – Popsenteret 4. et.
- 15.00 Publikumsbygging– hvordan kan konsertarrangører/festivaler og musikere samarbeide best mulig? – Popsenteret 4. et.

MOMSKOMPENSASJON

Namn på lag		
Nes Spel- og Dansarlag	1 224	
Vindfylla Spelemannslag	1 094	
Geilo Spelemannslag + Landskappleik	150 377	
Indre Sunnfjord Spelemannslag	2 966	
Austrheim musikkklag	6 637	
Alvdal Spell- og Danselag	513	
Spelemannslaget De frilynde	6 098	
Småjondølenes Dansarlag	4 913	
Bygdedanslaget i Bjørgvin	2 435	
Leikarringen NOREG	15 370	
Bygdedanslaget i Hamar	4 020	
Sinnsykt Bra Alternativ	1 498	
Laget for folkemusikk	6 959	
Seljord folkemusikkklag	2 998	
Gaular spelemannslag	5 275	
Lom spel- og dansarlag	1 306	
Voss Spelemannslag	15 450	
Spelemannslaget Dåm og Drag	2 857	
Verdal Juniorspelmannslag	31 401	
Enebakk Spelemannslag	1 298	
Kvemmingen spel- og dansarlag	620	
Kvinnherad Folkemusikkklag	2 433	
Trysil-Knut Dans- og spelmannslag	1 974	
Kongsberg Spel- og Dansarlag	13 218	
Oppdal Spell og dansarlag	14 000	
Spellmannslaget Leik	4 065	
Jostedal Spel- og Dansarlag	6 705	
Vågå spel- og dansarlag	18 468	
Bærum Spellemannslag		6 155
Gjøvik spelmannslag		11 089
Spelemannslaget Vår lengt		3 634
Nes Nasjonale Dansarring		3 913
Østerdølenes Spellmannslag		3 819
Målselv Spelmannslag		719
Dovre Folkedanslag		1 259
Skjåk Spel- og Dansarlag		3 746
Spelemannslaget Fjelljom		6 811
Glåmos Spellmannslag		5 588
Valldal spelemannslag		1 393
Rauma Spelemannslag		1 787
Brekken spell- og danserlag		10 841
Ål spel- og dansarlag		3 410
Naustedalen spelemannslag		4 360
Eiker Spellemannslag		2 804
Furuleiken Spell- og danselag		2 458
Eid Spelemannslag		6 916
Setesdal Spelemannslag		21 449
Hedmark Folkemusikkklag		7 373
Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus (SAFFA)		18 593
Valdres Folkemusikkklag		3 970
Buskerud Folkemusikkklag		10 827
Telemark folkemusikkklag		16 120
Trøndelag Folkemusikkklag		2 618
Sogn og Fjordane Folkemusikkklag		35 405
Valdres Folkemusikkarrangement as		156 588
Total		679 817

FRIFOND ORGANISASJON 2015

Namn på lag	Innvilga stønad	
Mukampen spel- og dansarlag	6 500	
Bygdedanslaget i Hamar	0	
Ål spel- og dansarlag	20 500	
Spelemannslaget Dåm og Drag	10 000	
Vårflaumen spel- og dansarlag	15 000	
Nes Spel- og dansarlag	10 000	
Trysil-Knut Dans- og spelmannslag	15 000	
Folkemusikklaget Bordun	5 500	
Hornindal spelemannslag	13 000	
Tusseleiken Barneleikarring	0	
Tingelstadringen	13 000	
Team GløsTøs	7 000	
Valdreskvelven spel- og dansarlag	4 000	
Breim Spelemannslag	5 000	
Vinje spilemannslag	5 000	
Seljord folkemusikklag	17 000	
Gaular Spelemannslag	7 500	
Voss spelemannslag	16 000	
Spelemannslaget Vårlengt	6 000	
Lom spel- og dansarlag	16 500	
Osterøy spel- og dansarlag	13 500	
Kongsberg Spel- og Daansarlag	31 000	
Spelemannslaget Havella	17 500	
Bø juniorspelemannslag	7 500	
Spelemannslaget Fjelljom	19 000	
Sør-Fron Spelmannslag	10 000	
Hardanger Spelemannslag	32 000	
Hedmark Juniorspelmannslag	4 000	
Nes Nasjonale Dansarring	6 000	
Oppdal Spell- og dansarlag	5 500	
Nordhordland spel- og dansarlag	7 000	
Jostedal spel- og dansarlag	14 000	
Fjellklang Spelemannslag	4 000	
Gransherad Spel- og dansarlag	10 000	
Klangen før fela / Norsk Kvedarforum	0	
Verdal juniorspellmannslag	16 000	
Folkemusikklaget Havbrusen	5 500	
Naustedalen Spelemannslag	6 500	
Aurland Spelemannslag	4 000	
Vågå spel- og dansarlag	27 000	
Oslo juniorspellemannslag (Laget for folkemusikk og folkedans)	17 500	
		45 0000

FOLKORG-PRISAR

Årets lokallag:

Gjøvik Spelmannslag

Årets folkemusikkarrangør:

Naustedalen spelemannslag

NORSK FOLKEMUSIKKFOND

Styret i Norsk Folkemusikkfond er:

Nils-Øyvind Bergset (leiar), Hilde Reitan, Leiv Solberg (NRK), Kirsti Bakken Kristiansen og Sigbjørn Rua.

Marit Vestrum frå FolkOrg-administrasjonen var sekretær.

Vedteken fordeling for Norsk Folkemusikkfond 2015 er slik:

Dåmen etter Vingsand	8 000
Folkesong i Hallingdal	10 000
Engerdalsringen	9 000
Gransherad spel- og dansarlag	9 000
Kvemmingen spel- og dansarlag	9 000
Sinnsykt bra alternativ	9 000
Folkemusikkarkivet i Rogaland	5 000
Geilo spel- og dansarlag	6 000
	Sum
	65 000

FOLKORG SI REKRUTTERINGSTØTTEORDNING

Namn på lag	Tilskot
Voss Spelemannslag	8 000
Folkemusikkscena Røros	8 000
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	8 000
Folkemusikkarkivet for Rogaland,	
Ryfylkemuseet	5 000
Telemark folkemusikklag / UngFolk	8 000
Valdres folkemusikkarrangement	8 000
Kalottspel	5 000
Voss Spelemannslag	8 000
Folkemusikkscena Røros	8 000
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	8 000
Totalt	50 000

FOLKEMUSIKK

Folkemusikk 2015 var den 74. årgangen til magasinet. Det kom fire nummer av magasinet, kvart på 100 sider.

Bidragsytarar

Faste skribentar har vore Kjell Bitustøy, Johanne Flottorp, Ida Habbestad og Espen Tørset. Andre skribentar har vore Bjørn Aksdal, Guttorm Andreasen, Mary Barthelemy, Anette Basso, Kjetil Bjørgan, Synnøve Bjørset, Laura Ellestad, Inger Lien, Nejra Majdanac, Knut Medhus, Nicholas Møllerhaug, Hallgrím Rogn, Catherine Springer, Unni Ulltveit, Johan Vaa og Ingelin Westeren.

Quiz har vore laga av Siri Dyvik, Ola Grøsland og Kjellbjørn Karsrud.

Fotografar har vore Cathrine Dokken, Gunn Gravdal Elton, Thor Hauknes, Monica Santos Herberg, Henrik Kamphus, Ingvil Skeie Ljones, Espen Tørset og Unni Ulltveit.

Redaktør Audun Stokke Hole har bidrige med tekstar og foto til alle nummer.

Innhald

Portrett og intervju:

- 1/15: Øyvind Sandum; familien Larsen (Geir Egil, Gjermund og Einar Olav); Astrid Sulheim
- 2/15: Bjørgum & Sandén-Warg; SVER; Alvild Viken Øvrebø; Sudan Dudan
- 3/15: Fivil; Hekla Stålstreng; Marja Fjellheim Mortenson; Dalakopa; Embrik Bergaplass
- 4/15: Wilde Aaslid; Lynn Berg; Lady Hardanger; Einar Selvik

Reportasjar:

- 1/15: Folkemusikk som terapi; då runddansen kom til Noreg
- 2/15: Setesdal; FRIKAR-tevlinga
- 3/15: Langeleik i Valdres; folkemusikk på Island; folkemusikk og kommersialisering
- 4/15: HFAA; bygdedans i Amerika; runddans i Midtvesten

Fagkronikkar:

- 1/15: Kjønnsbalansen i folkemusikken
- 2/15: Ingen
- 3/15: Jon Stuvøy og folkemusikkopplæringa i Telemark
- 4/15: Kappleikar i Amerika; norsk folkesong i Midtvesten

Fotoreportasjar:

- 1/15: Meisterkonserten i Den norske opera
- 2/15: Danseandlet på Sangerhuset, Røros
- 3/15: Ingen
- 4/15: Stoughton Norwegian Dancers på Maihaugen

Tema:

- 2/15: Temaseksjon om folkemusikken og folkedansen i Setesdal
- 3/15: Artikkelserie frå Landskappleiken og Landsfestivalen
- 4/15: Temanummer om norsk folkemusikk og folkedans i Amerika

Andre utvalde saker:

- Norsk hardingfelesenter i Bø; Sølvsuper; Geiteberg Folk Festival; østerdalsmusikk; nordisk master;

Nordhordlandsslåttar III; Sinnsykt Bra Alternativ; Kuraybers; polsdans frå Finnskogen; feletradisjonen i Lom; folkemusikkarkivet i NRK; hardingfelemakarar i USA

Folkemusikk.no

Faste bidragsytarar har vore Kjell Bitustøyl, Johanne Flottorp, Gudrun Folkedal, Runhild Heggem og Unni Ulltveit, i tillegg til redaktør Audun Stokke Hole.

Faste meldarar har vore Sigbjørn Apeland, Bjørn Aksdal, Nils Øyvind Bergset, Kjell Bitustøyl, Sindre Bremnes, Ånon Egeland, Bjørn Hammershaug, og Nicholas Møllerhaug.

Folkemusikk.no har i 2015 publisert:

- 41 platemeldingar og 5 meldingar av sceniske oppsetjingar
- 14 ytringar
- 11 "folksrevyar" (nyhendeoppsummeringar)
- 17 større nyhendesaker
- 15 "tett på"-saker (portrett og reportasjar)
- 4 tilbakeblikk (gjensyn med eldre Folkemusikk-tekstar)
- 9 fotoreportasjar

NORSKE ARTISTAR PÅ TFF RUDOLSTADT

- Hallvard T. Bjørgum
- Eplemøya Songlag
- Frikar: Gotoguta
- Gjermund Larsen Trio
- Norske dansere; med Sondre Haugen, Øystein Haugen, Åsne Haugen, Arnhild Brennesvik-Auk, Karin Brennesvik, Kenneth de Gala, Even Westeng, Vilde Westeng, Eivind Bakken, Såmund Midtbøen og Tone Anne Tveiten.
- Trygve Seim & Andreas Ut nem
- Sly & Robbie meets Nils Petter Molvær
- Småviltlaget
- Trollmusikken; ei samling av norske soloartistar som spelte tradisjonell norsk folkemusikk på ulike instrument. Artistane var: Silje Hegg, Geir Egil Larsen, Ingvild Lie og Tom Willy Rustad.
- Valkyrien Allstars
- Åsne Valland Nordli / Sigbjørn Apeland / Trygve Seim
- Vassvik
- Torgeir Vassvik og Hallgrim Hansegård: Leahkit



*“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom
å vise mangfold, eigenart, aktivitet, musikkglede,
danseglede, og vere ein livskraftig, moderne
kulturorganisasjon med røter i tradisjon”*

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans